



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru

håp

kjærleik



Trusopplæring
8 ÅR - VÅR 2024

“Tårnagent - mysteriet i kyrkja”
Hareid Kyrkjelyd



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt



Velkomen til å ta del på trusopplæringa for 8 åringane

Bli med på Tårnagenthelg!

Laurdag og søndag 27.-28.januar

nviterer vi deg til å vere Tårnagent i Hareid kyrkje.

Trusopplæringa i Hareid kyrkje inviterer denne helga alle 8-åringane i Hareid til å vere Tårnagentar i kyrkja. Her kan du utforske kyrkja, bibelen, tårnet og kyrkje-klokkene. Agentane vil gjennom desse dagane måtte løyse oppdrag og mysterium, du vil få ein eigen agentkode når du kjem, og på søndagen vil vi tårnagentane aktivt ta del på gudstenesta.

Kyrkjetårn, symboljakt eller oppdrag og mysterium

Har du lyst å gå på symboljakt i kyrkja? Lurer du på kva slags mysterium du finn i bibelen? Likar du agentmat? Veit du at det står noko utanpå alle kyrkje-klokkene i landet? I mange kyrkjer i Norge vil det denne våren vere agentar i sving! Vi vonar at du har lyst å vere ein av dei! Det kostar ingen ting å delta.

Englevakter

Til dykk som har ein 8-åring i huset. Vil de vere Englevakter? Ei Englevakt er ein som er med saman med dei denne helga, følgjer borna opp i kyrkjetårnet, hjelper til med maten, går saman med dei på symboljakt m.m. Borna vert delt inn i grupper. Kan gjerne også vere ein besteforelder, onkel, fadder....



Kva skal vi gjere

Agentane møtest i kyrkja laurdag 27.januar kl. 15:00 og held på til kl 20:00. Søndag treffest vi igjen kl. 09:30 og held på til kyrkjekafien er ferdig ca.kl 12:30. Foreldre, søsken, vener (og alle andre) blir inviterte til å vere med på gudstenesta søndag, som sjølvsagt er ei Tårnagentgudsteneste.

Påmelding

Påmelding for barn og Englevakter skjer innan torsdag 25.januar kl.12:00

VIKTIG med påmelding i tide, så vi får tilrettelagt best mulig for alle.

NB!! Fint om agentane tek med lommelykt!

Passord for registrering på laurdagen: 1877

(Hysj!! Hemmeleg,- berre for agentane)

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende samlinga så ta kontakt. Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74 e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no



Påmelding - Trusopplæring 8 år

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 92 09 01 74.

- Som føresett vil eg at skal vere med på tårnagenthelga.
- Som føresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.kan vere englevakt

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbyte av samlinga kan de notere det her:

Kontakttelefon

Underskrift føresatt